

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum juli 2011 Nr. 4

Gode langeleikvener!

Sommaren er her og med den gode høve til å få med seg mange kappleikar og festivalar!

Desse møteplassane er viktige for å treffe folk og slå eit slag (-med snerten-)for langeleiken. Sjøl om langeleiken er smålåten- og kanskje du og eg og - er det både viktig og moro å bruke langeleiken i ulike samanhengar. Ta fram leiken og spel på campingbordet , i briskehaugen, på uteplassen og saman med feler og munnharper, torader og trekkspel, gitar og sang, orgel og sag! Kanskje må dei andre instrumenta dempe seg for å høyre langeleiken i samspelet, men alle har vi godt av å strekke seg etter andre sin tone. Det blir det vi kallar samklang! Og av samklang blir det samarbeid! Ha ein god sommar med samklang , sprett og snert.

Helsing

Marit og resten av styret i
langeleikforumet



**Lise og Kristin er
vinnarar av
landskappleiken 2011!**

Årests landskappleik er
akkurat avslutta, og
resultata var slik:

Junior:

1. Kristin Lie
2. Åse Marit Jorde

Senior:

1. Lise Lunde Brennhagen
2. Anders Erik Røine
3. Gøril Ramo Håve

Gratulerer!

Kva skjer famover?

Strunkeveko på Leira samlar årleg over hundre ungdommar som i ei veke får oppleve gleda over samspel og samvær, døgnet rundt! Med ei stor avslutningsforestilling med alle deltakarane som ei flott avslutning. Og sjølsagt med tårer over å måtte skiljast etterpå.

På **Jørn Hilmestemnet** er det i år fokus på langeleikspelaren Olav Snorheim med CD utgjeving av arkivopptak, kurs/seminar torsdag og fredag, og konsert søndag kveld.



Frå kl 14.00-17.00 søndag er det langeleikstogo med dugnadsspel der. Og her håpar vi at mange har lyst til å vera med! Vi tenkjer oss spelinga som ein stafett, og er difor ikkje avhengig av å finne ei felles lått for alle, men det er sjølsagt ope for samspel dersom nokon ynskjer det.

For å greie å organisere avviklinga av dette på ein god og effektiv måte, er det godt å ha ei viss peiling på kor mange som vil delta. Det vil bli sett opp ei fordeling når dette er klart.

Oppfordringa er: Meld deg på innan 24. juli, på e-post til gu-he@online.no eller tlf / sms til 907 40 702.

Ta med deg langeleiken og kom på Hilmestemnet, både for å spele , delta på kappleik og å høyre på.

Munnharpe og Langeleikfestival 2011



Helga 11. - 13. september er det duka for Munnharpe og Langeleikfestival på Liatoppen Fjellstove i Ål i Hallingdal. I samarbeid med Munnharpeforumet blir det også i år ei variert helg med kurs og konsertar. På langeleik vil det bli forkus på hallinglæte med lokale kursleiarar både for nybyrjarar og vidarekomne. For dei som vil lære slåttar frå Telemark vil det og bli høve til det, og det blir og sjølsagt grunnleggande spelekurs og samspel med andre instrument. Festivalen vil og ha gjesteartistar: Elisabeth Kværne og Tom Willy Rustad, baa godt kjente i både munnharpe og langeleikmiljøet som kunnskapsformidlarar og utøvarar.

Langeleiksamling på Gjøvik 8-9.april



Dette vart ei triveleg helg med slattebyte og nye låttar for både nye og meir erfarne utøvarar.

Diverre var det fleire arrangement denne helga slik at dei yngste var opptekne der, men slike samlingar er nyttige om vi er få eller mange! Det vart gjort videoopptak som ligg ute på youtube, diverre litt usynkront i første omgang, men dette blir det arbeidd med for å få retta opp. Godt med slike media for å få synt fram langeleiken, men det er mange kronglete vegar der ein må halde tunga rett i munnen for å få ting fram slik ein vil ha det!

Leif Løchen 1922 - 2011



Leif Løchen sovna stille inn 14. april i ein alder av 89 år. Han var ein av dei fremste i

arbeidet med å ta vare på dei eldste norske folkemusikkinstrumenta og musikken. Med sin store kunnskap og smittande entusiasme var han ein stor inspirator for både utøvarar i folkemusikken og instrumentbyggerar. I Landslaget for Spelmenn var han ein sjelden drivkraft gjennom fleire generasjonar, både som leiar og styremedlem. Han var og med på å få inn lagspel, eldre folkemusikk-instrument og instrumentutstilling på kappleikar og var mykje nytta som dommar. Leif sitt smittande engasjement for mangfaldet i folkemusikken, med eldre tonalitet og sjeldne instrument som sin spesialitet, gav oss mange gode opplevingar. Det er få som har kunne ha konsertar for store og små med salmodikon, halmfløyter, beinfløyter og bukkehorn som har sett seg så godt fast i minnet! Leif Løchen fekk mykje og velfortent heider for alt arbeidet han la ned for folkemusikken : Æresmedlemskap i Landslaget for Spelmenn, i Norsk Lur- og Bukkehorn lag og i Norsk Munnharpeforum, Rff - prisen, Egil Storbekkenes Musikkpris , kulturprisen for Vågå saman med kona Gunnhild og Kongens fortjenestemedalje i gull. Leif var tilstades på samlinga på Gjøvik i 2008 der det vart sett framlegg om stifting av Norsk Langeleikforum og var dermed med på å legge nok ein stein i grunnmuren til folkemusikken. Vi vil minnast Leif Løchen med stor glede og takksemnd for alt han var.